



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.01.2015

Vår ref.: 2014/11617

Arkivnr.: 610

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høyringsfråsegn - Endringar i barnehagelova

Vi viser til høyringsbrev datert 17.11.2014 frå Kunnskapsdepartementet med høyringsnotat om endringar i barnehagelova. Fylkesmannen i Rogaland har slike merknader:

### Til kapittel 2 - Statleg tilsyn med barnehagane

Forslaget inneber at kommunen framleis skal ha sin heimel til å føre tilsyn med både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar, men at Fylkesmannen i særlege tilfelle også kan føre tilsyn direkte med barnehagane. Fylkesmannen skal ha sin heimel til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit.

Fylkesmannen i Rogaland støttar framlegget. Vi ser det som viktig at kommunen framleis har hovudansvaret for å føre tilsyn med barnehagane. Dette vil sikre barnehagefagleg kompetanse i kommunane og vidareføre den praksisen som no er etablert. Vår erfaring er at ordninga slik ho er no, gir kommunen viktig kontakt og samarbeid med alle barnehagane for å sjå til at barnehagane driv i samsvar med lov og regelverk, og samstundes medverkar til at kommunen stadig utviklar den kompetansen som må til for at oppgåvene som barnehagemynde kan utøvast forsvarleg.

Fylkesmannen støttar også framlegget om at Fylkesmannen i særlege tilfelle kan føre tilsyn direkte med barnehagane, men ser det som viktig at det ligg føre ei nærare presisering av innhaldet i «særlege tilfelle». Departementet har i høyringsnotatet også bede om innspel frå høyringsinstansane på korleis det nærare innhaldet her kan avgrensast og konkretiserast.

I høyringsnotatet er det vist til at særlege tilfelle eller særlege grunnar må vere tilsyn der Fylkesmannen blir kontakta eller får opplysningar om at drifta av ein barnehage ikkje er i samsvar med lov og reglar. Vi legg til grunn at slike tilsyn skal ha grunnlag i risikovurdering og i dei fleste tilfelle er hendingsbaserte. Vi nemner nokre døme på kva *særlege tilfelle* kan omfatte:

- saker som gjeld enkeltbarn, t.d. barn med særlege behov, barn med minoritetsspråkleg bakgrunn
- fare for nedlegging av ein barnehage på grunn av økonomiske vanskar eller barnehagebygg som er uforsvarlege

- situasjonar der lovbrøt frå kommunen sitt tilsyn ikkje blir følgt opp (her kan det også vere tilfelle der kommunen ber om hjelp frå Fylkesmannen)
- tilfelle der kommunen ikkje har gjennomført tilstrekkeleg tilsyn med ein barnehage (vi har døme på barnehagar der fleirtalet av pedagogstillingane er på dispensasjon over tid utan at barnehageeigar gjer noko for å rekruttere pedagogisk kompetanse, og der kommunen ikkje evnar å følgje opp med tilsyn og pålegg)

Når det gjeld avgrensing av Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane, vil arbeidsrettslege forhold etter vår vurdering ikkje vere omfatta. Vi er elles samde i at dersom kommunen som barnehagemyndig ikkje har vore involvert i saker der Fylkesmannen blir oppmoda om tilsyn, skal kommunen få høve til å undersøkje saka og til sjølv å rette opp ev lovbrøt før statleg tilsyn blir sett i verk.

I høyringsnotatet konkluderer departementet med at reglane i kapittel 10A i kommunelova ikkje vil gjelde for Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane. Reint rettsleg er vi sjølv sagt samde med departementet her, men vi vil gjerne poengtere at metodiske val med forankring i kapittel 10A, t.d. når det gjeld varsel om pålegg, vil kunne vere til gagn for barnehagen heller enn innebere strengare praksis enn det kommunen blir utsett for.

Elles er det vårt syn at tilsyn med aktørpliktene ikkje inneber noko særskild utfordring. Men det er viktig at både regelverket og Fylkesmannen i praktisk tilsynsarbeid er tydeleg når det gjeld informasjon om kven som er klageinstans ved dei ulike tilsyna på barnehageområdet.

Vi støttar forslaget om at Fylkesmannen skal kunne bruke dei same reaksjonsmidlane som kommunen kan bruke i sitt tilsyn med barnehagane, med det også dei økonomiske reaksjonsmidlane som følgjer av § 16a dersom det blir avdekt brot på § 14a i ein enkelt barnehage.

### **Til kapittel 3 - Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen sin bruk av økonomiske reaksjonsmidlar**

Kommunen har etter gjeldande rett (barnehagelova § 16 a) høve til å bruke økonomiske reaksjonsmidlar overfor ikkje-kommunale barnehagar der tilskot og foreldrebetaling ikkje blir nytta som fastsett i § 14 a. Fylkesmannen i Rogaland støttar Kunnskapsdepartementet sine vurderingar om at det statlege tilsynet også skal omfatte kommunen sitt høve til å bruke økonomiske reaksjonsmidlar. Det er vist til at det vil vere ein fordel at Fylkesmannen gjennom tilsyn kan kontrollere kommunen sin praksis for bruk av økonomiske reaksjonsmidlar for å ta i vare rettstryggleiken til dei ikkje-kommunale barnehagane.

### **Til kapittel 4 - Oppfølging av Meld. St. Nr. 7 (2009-2010) Gjennomgang av særlovsheimlar for statleg tilsyn med kommunane**

Fylkesmannen i Rogaland støttar forslaga til presiseringar og endringar i barnehagelova § 9 for å synleggjere kva kommuneplikter som er gjenstand for statleg tilsyn og tydeleggjere at tilsynet er eit reint lovlegtilsyn der kommunelova kap. 10 A gjeld. Vi ser det også som klargjerande at Fylkesmannen si rettleiingsrolle og rolla som klageinstans er skilde ut i egne reglar/ledd.

### **Til kapittel 6 - Forslag om presisering av lovheimel for barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering**

Krav knytte til barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering er i dag fastsette i rammeplanen for barnehagen. Kunnskapsdepartementet foreslår at krava blir tatt inn i § 2 i

barnehagelova. I høringsnotatet viser Kunnskapsdepartementet til at dette inneber ei klargjering av regelverket, forslaga vil liggje innafør gjeldande rett og det barnehagane i dag praktiserer, og inneber inga ny plikt for barnehageeigar.

Fylkesmannen i Rogaland støttar forslaget om at krav om dokumentasjon og vurdering blir tatt inn i § 2 i barnehagelova. Vi er likevel ikkje einige i at presiseringane i høringsnotatet ligg innafør gjeldande rett, og vi meiner at merknader til regelen må utformast slik at det ikkje utviklar seg ein praksis med omfattande innhenting av informasjon for alle barn i barnehagen.

I høringsnotatet er det presisert under 6.4 at det enkelte barnet skal ha eit individuelt tilrettelagt pedagogisk tilbod, jf. §§ 1 og 2 i lova, og barnehagen treng difor informasjon om det enkelte barnet sine interesser, kunnskapar og erfaringar og dokumentasjon av enkeltbarna sin trivsel og utvikling. Fylkesmannen i Rogaland fryktar at eit sterkare fokus på individuell tilrettelegging kan føre til uheldig praksis når det gjeld kartlegging og innhenting av informasjon om enkeltbarn. Vi oppmodar til å leggje til grunn det som i dag står i rammeplan for barnehagen kap 4.2:

*«Dokumentasjon knyttet til enkeltbarn kan nyttas i tilknytning til samarbeid med hjelpeinstanser utenfor barnehagen når dette skjer i samarbeid og forståelse med barnas foreldre/foresatte.*

*Dersom det skal settes opp spesifikke mål for enkeltbarn, må dette ha en begrunnelse, og målene må settes i samarbeid med foreldrene og eventuelle samarbeidsparter utenfor barnehagen»* (vår understreking).

Vi viser også til at det må trekkjast ei grense mellom det som er barnehagen sine oppgåver knytte til kartlegging av enkeltbarn og det som er PPT sine oppgåver knytte til barn med særskilde behov, jf. §§ 5-7 og 5-3 i opplæringslova. Retten til spesialpedagogisk hjelp omfattar også barn som treng særskild norskopplæring, jf. St.meld. nr. 41 (2008-2009), s 94. I samanheng med dette vil vi elles oppmode departementet om å starte arbeidet med å overføre heimelen for rett til spesialpedagogisk hjelp til barnehagelova.

Så vil Fylkesmannen i Rogaland på det sterkaste understreke at godt dokumentasjons- og vurderingsarbeid i barnehagen er avhengig av kompetent personale til å ta seg av slike oppgåver. I ein situasjon der berre om lag ein tredel av dei tilsette har pedagogisk kompetanse, er risikoen stor for at slikt arbeid ikkje kan gjennomførast på forsvarleg vis. Vi meiner såleis at reglane for dokumentasjon og vurdering må innrettast slik at dei ikkje blir meir til skade enn til gagn for kvart enkelt barn.

Høringsnotatet omhandlar i punkt 6.5 relasjonen til personopplysningslova. Fylkesmannen i Rogaland har merkt seg høringsfråsegna frå Datatilsynet om dette. Datatilsynet poengterer her at framlegget ikkje berre er presiseringar av gjeldande rett, men tvert i mot inneber ei radikal utviding og omdefinering av kva barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering består av. Vi viser til denne fråsegna og støttar Datatilsynet sine vurderingar og konklusjonar om endringar knytte til dokumentasjon og vurdering i barnehagen. Vi har ikkje merknader utover dette.

Notatet presiserer under kap 6.7 at eigar har det overordna juridiske ansvaret for å drive barnehagen i samsvar med gjeldande lover og regelverk, og har dermed rett til å velje kva system, verktøy og observasjonsmetodar barnehagen skal nytte for å følge med på barn sin trivsel og utvikling, og for å oppdage og følgje opp barn med særlege behov. Fylkesmannen i Rogaland er ikkje einig i denne lovtolkinga/presiseringa. Det er etter §§ 17 og 18 i barnehagelova barnehagen sin styrar og dei pedagogiske leiarane som har ansvaret for å leie det pedagogiske arbeidet og å planlegge og vurdere arbeidet. Vi meiner at val av system, verktøy og observasjonsmetodar må gjerast ut frå faglege vurderingar, og det vil vere eit brot med §§ 17 og 18 om barnehagen sin eigar skal ta desse vala. Det er i dag ingen krav til at barnehagen sin eigar skal ha pedagogisk fagkompetanse.

## **Til kapittel 7. - Endringar som følgje av ny forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga**

Fylkesmannen i Rogaland har ingen merknader til endringane frå nemninga førskolelærer til barnehagelærer i barnehagelova. Vi legg til grunn at forslaget ikkje fører til realitetsendringar, slik det går fram av høyringsnotatet.

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl  
utdanningsdirektør

Liv Svendal  
seniorrådgivar

— Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Liv Svendal  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 43  
E-post: [fmrolsv@fylkesmannen.no](mailto:fmrolsv@fylkesmannen.no)